

Foran den store musikkhelga

08.09.2011



Rolf Hestetræet tok dette biletet under jubileumskonserten i februar

Det er komande helg samling i Aktivitetshuset/skulen for dei 40-50 korpsmusikantane i Hordalands Ungdoms Brass Band. For alle er det verdt å merka seg at avslutningskonserten er kl.15.15 søndag ettermiddag.

Då vert det publikumsvennleg musikk på høgt kvalitetsnivå, og huset bør fyllast!

Samlinga startar fredag kveld, og gjennom helga vert det mykje øving ispedd med sosiale aktivitetar før samlinga vert avslutta med konsert søndag ettermiddag.

Brazzooka vil vera med både på konserten og på samlinga elles.

Mange av medlemmene i bandet er og med i HUBB.

Dirigent er Pål Magne Austnes-Underhaug.

Det er som vanleg Ole Johan Aarlie og Kjersti Pisani som har hovudregien på HUBB-samlinga, og dei har bevist gang på gang gjennom meir enn 5 år at då er det i dei beste hender.

Denne gangen får dei hjelp av skulemusikkforeldre og nokre av dei eldste musikarane i skulemusikken.

Alt ligg til rette for ei kjekk helg, som garantert vert avslutta med ein flott konsert.

Av Thor Inge Døssland